

## Æ T T E S O G A .

Kring 1700-tallet kom det tre danskar opp til Nordland. Det var Rockmann, Hvitfelt og Winther. Desse tre skulde være i skyldskap og som venteleg var gode vener.

Eg vil helst fylgje den eine:

Jakop Winther som busette seg på Tranøya, Denne, som anna jord i den tid, var vel benefisert gods som dei hadde bøkselett på. Gamle Jakop Winther var velholden mann og av god ætt. Når han var daud overtok sonen Jakop Jakopsen Winther faren sitt strev.

Kyrkja på Tranøya hadde alt stade i mange år som eit av dei 14 anneks til Trondarnes, som tentes av 9 prestar. Med reskript av 28. desbr. 1731 vart Trondarnes kløyvd i sju frie soknekald. M.a. Ibbestad so vart dei no 4, Ibbestad, Lenvik, Dyrøy og Tranøy.

Men med kgl. resolusjon av 5. septbr. 1738 og 15. april 1746 vart Tranøy lagt til kapellanen på Ibbestad. Alt 1738 vilde dei ha Jakop Winther frå Tranøy for at kapellanen kunde ta boplass der. Men såvidt eg kan skyne har det vore strid med Jakop Winther både 1738 og 1746. Men frå 5. juni 1757 vart Tranøy res. kap. misjonariat under Astafjord. Og 5. januar 1759 vart Tranøy og Dyrøy sokn - Tranøy prestekall. Då må soleis denne striden være over. Og Jakop Winther tok bostad i Sørreisa.

Frå denne tida ikring 1745 har eg eit dokumentavskriv ang. Jakop Winthers eigendom til prestejord.

Det lyder slik:

### Vaar gunst tilforn

Efter indkomne aller underdanigst ansøgning fra Jakop Jakopsen Winther av Seniens Fogderi udi vaart riige Norge, have vi den 29. januar 1745 allernaadigst refidert vårt cancellieråd og Lougmend, os elskelige Paul Dons, som denne tid var constitueret i stiftsbefalingsmandens sted over Trondhjems stift og dig stiftsprovst Jakop Thode, at bemeldte Jakop Winther måtte igjen tiltræde den i Seniens Fogderi beliggende og hannem efter hans afgangne faderstilfaldne gård Tranøen kaldet, som vi den 5. September 1738 allernaadigst havde resolveret at skulde overlade til en bolig for den av os under bemeldte dato allernaadigst beskikede Capellan til Astafjords prestegjeld Jens Schjelderup, men da vi nu af en fra os elskelige Proside og til forordnede udi Collegie (?) evangelie paamodende indkomne Forestilling have forvunnen.

- 1) at capellanen til Astafjords prestegjeld icke nogen stæde kan boe beleiligere enten for Boemend eller Finner end just paa Tranøen hvor kirken staar og ligger mitt i menigheten.
- 2) at misionsværet ei alene vilde lide meget orn ei gandske gaa over styer, men nu og almuen i begge annexene Tranøe og Dyrøe efter endel av sognefolkenes beklagelige derom gjorte Erindring vilde, som tilforn i mangel af capellan er skeet

savne oshørende betjening i deres salighets dag saafremt nuværende capellan, som tillige er missionarius skulde udflytte av denne gaard.

- 3) at Jakop Winther er skeet fuldkommen fyldest, ved at faa overbygningen paa stedet og en anden god gaard, uten Bopæl paa et andet sted, men at han
- 4) efter alles henseende fornemmelig trakter efter at have denne gaard Tranøen for at øve sin samme steds brukte brendevinshandel hvorover saavel fra Sognepresten som en del av Sognefolkene er indkomne klagemaal.
- 5) da dog denne av Stiftamtmanden og Biskopen er udseet og udsatt som den beleiligste for Capellanen for Tranøe og Dyrøe Anexer at boe paa. Så have vi nu efter slige Omstendigheter og for aa faa hemet den fordervelige Brendevinshandel og tillige at befordre missionens fremgang samt menighedens tarv allernaadigst funden for godt at forbemeldte Tranøe gaard må forundes nuværende Capellan til Astadfjords prestegjeld Peder Krogh Hind til bolig, som og herefter skal være til en bestandig bolig til Capellanene der paa stedet derefter. Eder aller underdanigst haver at rette, som og derom den fornødne anstalt lade føie, samt ellers underdanigst at indberette at I denne vor allernaadigste ordre haver bekostet. Befalende Eders Gud.

Skrevet paa vort slot Christians borg udi vores kongl. residents sted.

Kjøpenhafn den 15. april anno 1746.

Under vor kongl. haand og signet.

Christian R.  
I.L.v. Holstein

Til stiftsbefalingsmand Christian de Stochflette og stiftsprost Jacob Thode anlangende at den i Seniens Fogderi i Trondhjems Stift i Norge beliggende gaard i Tranøen kaldet skal siden Capellanen i Astadfjords prestegjeld icke nogenstade kan bedre bo beleiligere enten for Bomend eller Finnerend just paa Tranøen hvor kirken staar og liggende midt i menigheden være perpetuert til en bestandig bolig for Capellanen der om stedet.

Etter dette vart så Tranøy gard prestebustad og Jakop Jakopsen Winther fekk «fulstendig fyldest ved at få overbygningen på stedet og en anden god gård, uten Bopæl på et andet sted» som det heiter i føre dokument.

Denne Jakop Winther skulde ha fleire born m.a. ei datter Berte Helene. Ho vart gift på Haugen i Sørreisa med Peder Tønder også ein danskætta mand frå Jylland.

Denne Peder Tønder og kona Berte hadde fleire born:

1. Jonette vart gift på Hemmingsjord.

2. Hedevig vart gift på Skattvik i Tranøy med Jørgen Steen Olsen.
- 3 Hans Helgengren vart gift på Grønvold i Målselv med Petrikka Johanna Andersdatter Gavlen.
4. Anne Grete vart gift i Sildvik, Sørreisa, med Andreas Tomassen.
5. Kristianna vart gift i Grundreisa med Jakop.
6. Henrik Kristian vart gift i Nordgård-Reisa med Marit Winther.
7. Peder Tønder døydde vist ugift.
8. Inger Christine gift med Andreas Mortensen fra Sørreisa.

Peder Tønder - far til desse born - døydde på Lofotvegen som ung mand berre.

Morten som var far til Andreas gift med Inger hadde fleire søner, Ein heitte Tomas og vart buande i Reisa. Ein tredje heitte Søren og vart og i Reisa. Den fjerde Henrik budde ei stund i Fugleli, Målselv, og vist ei tid på Reinelv i Reisa, men døydde vist i Sør-Reisagårdene.

Fleire sysken var dei vist sikkert og. Andreas Mortensen og kona Inger Christine flutte frå Sør-Reisa til garden Stenge, no Fagernes i Lenvik. Men då kvinnfolka der på garden gjekk så dårlig saman fór han vidare op gjennom dalen til Fagerfjellet. Der var stor skog med djup god jord. Fuglelia låg beint mot sola og der kunde ein soleis få god vokster for korn og potet. Men der budde ein finn og han vilde ikkje derfrå. Denne finnen livde av jakt og fiske mest, og noko rein.

Dette var før 1820. Andreas Mortensen underhandla med fogden og fekk rydningsland på staden. Han hadde ikkje pengar å betala desse 20 dalar. Men ein utveg hadde han likevel. Jau, kona Inger Christine eig ein dansk obligasjon eller «betyg» som dei kallar det. På dette hevde ho 4 spesidaler om året. Det hadde vore ein arv - truleg til den første fødde i familien. Og denne obligasjon fekk fogden i rydningspengar. Inger hadde ei silkekåpe med tvo store sylvspanner som ho hadde i arv frå mora. Men denne beheldt ho og spennene går endå i arv som eit ætteminne i Målselv.

Andreas Mortensen fekk ikkje finnen å fara frå garden, enda etter han hadde løyst ryddingsseddel. Han betala han då 4 daler og finnen strauk sin veg.

Øverst i Fuglelia slo Andreas seg ned. Skogen var så tjukk at han måtte hugge vel unda for å sjå solauge. Den første stova hans var ei lauvhytta med torv. Den neste vart ei bjørkestova. I skogen vaks det tjukt med blom og fingras så ein kunde høste så mykje ein vilde. Men det var vondt å berge krøttura. Ofte kom det ein bjørn luska framom garden, og når myrkna seig på tuta vargen svulten oppe i lida. Ein gong frå denne første tida kring 1820 gjekk ein stor-bjørn op på det låge fjøstaket, reiv taket heilt av og tok ei ku med seg, og åt ho op att i marka.

Broren Henrik budde vist saman med han ei stutt tid, men for deri frå. Andreas tok så til åleine.

Det kosta nok mot og makt og sette seg ned slik i skogen. Dei første reidskap han hadde var ei korg og eit grev. Dei hadde lang veg til havet - men lett var det, Finnfjordvatnet låg slik at dei fekk kort veg både til Finnfjord, Hemmingsjord og Sør-Reisa. Dessutan måtte dei søkje hjelp på Fuglemoen, rett over dalen. T.d. i barselnaud ropa dei berre om hjelp.

Andreas Mortensen budde der oppe i lida nokre år, men flutta seinare lenger ned i lia attmed gardbekken. Heile tida sleit dei fram i tronge kår. Dei fekk 11 born.

1) Peder Tønder, 2) Morten, 3) Hans, 4) Jørgen, 5) Andreas, 6) Maren, 7) Hedvig, 8) Berte, 9) Kanna, 10) Katrina, 11) Kristianna.

Garden Fugleli vart skift millom Morten, Peder Tønder og Karen.

Andreas Mortensen døydde som kårmann, 85 år gamal.

No er denne Andreas Mortensen-jorda kløyvd i 9 bruk og før tilsaman ein 35 naut, og 8 - 10 hastar. Jorda er så feit at grønnfôrårkrane kan bli 170 cm høg.

Peder Tønder si ætt.

Peder Tønder f. 1/8 1820, d. 13/2 1887, gift med Judite Castend f. 22/4 1827 d. 29/1 1915. og budde i Fugleli.

Dei hadde 12 born:

Sigrid, Anne Kristine, Caroline Cesilie, Bernt, Hanna, Pauline, Jensine, Hansine, Katrine, Anne Kristine, Berte, Bernt.

Sigrid f. 28/2 1850 g.m. Kr. Benjamin Hansen, Rydningen, og hadde 8 born:

Peder, Ingvald, Sofia, Peder, Bernhardine, Hanna, Danilken, Jørgen.

Anne Kristine f. 10/9 1853 d. 11/11 1930, g.m. Hans Andreas Eidissen f. 18/2 1850 d. 16/9 1901, og hadde 8 born:

Edvard Kornelius, Andrea Ingbertine, Sven Andreas, Peder Jentoft, Ditløv Bernhard, Oliva Aminda, Sigurd, Agnus Halvdan.

Caroline Cesilie f. 3/5 1855 d. 20/3 1926, ugift.

Bernt Kristian f; 4/2 1857 g.m. syskenbane Inger Nilsen f. 12/1 1858 d. 14/12 1913, dei budde i Fugleli og hadde 8 born:

Anna, Peder Tønder, Baroka, Anna Inga Oline, Oline Berntine, N.N., N.N.

Hanna f. 2/4 1860 g.m. Ingvar Bertheussen, Skøelv i Sør-Reisa. Dei fekk 4 born:

Peder, Anna; N.N., N.N.

Berte g.m. Kristen Andreassen, Rossvoll, og hadde 6 born:  
Anton, Pauline, Sedolf, Jørgen, Kristoffer og N.N.

Pauline f. 22/7 1861 g.m. Edvard Klæbo Eidissen, Blomli, og hadde 8 born:  
Jørgen, Oskar, Peder Olai, Edvarda, Sven, Jørgen, Peder, Ditlev.

Jensine f. 11/7 1863 g.m. Jakob Kristiansen, Skogen i Lenvik, og hadde 9 born:  
Heggelunda, Pauline, Karolius, Ellen, Jentoft, Signe, Petra, Haldis, Sigurd.

Hansine f. 25/4 1865 g.m. Andreas Samuelsen, Fugleli, og har hatt berre 3 born:  
Peder, Jørgine, Hanna.

Katrine f. 19/3 1867 g.m. Jon Øielsen, Fagerbukt i Lenvik, og har hatt 6 born:  
Pauline, Jørgine, Jens, Øyvilda, Hans, Berntine.

Anne Kristine f. 21/1 1870 g.m. Heggelund Bøkmann, Fugleli. Dei hadde 6 born:  
Paul, Peder, Hanna, Borghild, Anna, N.N.

Bernt ugift.

Morten si ætt,

Morten Andreassen, f. 1822 d. 1908, vart buande på fars-garden og g.m. Signhild Paulsen, og hadde 7 born:  
Martin, Hanna, Pauline, Barothea, Ingbertine, Anna, Paul.

Martin g.m. Anna Marie Pedersdatter buande i Fugleli har hatt 13 born:  
Morten, Angell, Tønder, Petra, Signe, Ellen, Torleif, Konstanse, Elida, Edmon, Barotea, Hanny, Torleif.

Hanna g.m. Henrik Sevaldsen, Finnsnes, har hatt 11 born:  
Signe, Harald, Nils Birger, Bergithon, Agnes, Jentoft, Magnus, Henry, Kitty, Valborg, Edna.

Pauline g.m. Svein Olsen, Holmen i Målselv, hadde 12 born:  
Olga, Birger, Morten, Olaf, Sigurd, Selma, Arthur, Erling, Unni, Undvald, Henry, Kristianne.

Barothea g.m. Kjærran, veiformann i Målselv. Dei hadde eit barn. Både dei og bornet er daude.

Ingbertine g.m. Jens Johansen, Tromsø. Dei hadde 2 born:  
Jentoft og Margarete.

Dei andre av Morten sine born, Anna og Paul, døyde ung og barnlaus.

av

Maren si ætt.

Maren Andreasdtr g.m., vossingen Karl Ellingsen og budde i Fugleli. Dei hadde 7 born:

Hanna, Inger, John, Andreas, Kristian, Elvine, og N.N.

Inger g.m. Ola Sivertsen, Sandnes i Malangen, og har hatt 11 born:

Olaf, Karl, Johannes, Sedolf, Magna, Anna, Laura, Elise, Ingvar, Randor, Rebekka.

Elvina g.m. Ola Antonsen frå Salta bur i Fugleli og har berre ein son: Anton.

Jon g.m. Sigrud Larsen budde på Fuglemoen og hadde 4 born: Lars, Kornelius, Johanna og N.N.

Dei andre 4 av Maren sine born døyde ung og barnlaus.

Hedevig si ætt.

Hedvig Elisabeth, f. 2.april 1828, d. 14. februar 1905, vart bortsett då ho var 1 1/2 år gamal til moster si Hedevig i Skattvik i Tranøy. Då ho var 22 år gamal gifta ho seg 1850 med Sebulon Guldbrandsen frå Espejord i Dyrøy. Dei busette seg der på garden og hadde 7 born:

Johan, Gerhardine, Hanna, Andreas, Sofia, Olene, Sevaldus,

Johan buande i heimen: 1 born - Johan.

Gerhardine g.m. Kristian Andreassen, Halvardslid på Senja. Dei hadde 2 born. Både borna og mora døyde på ei tid 1872.

Hanna g.m. Samson Fylkesnes budde ei tid i Rossfjord. Dei hadde 6 born: Georg, Ingebrigt, Harald, Hilda. Dessutan 2 daud medan dei var små. Heile denne familien er flutt til Amerika.

Andrea g.m. Ole Sivert Wade, bur i N. Dakota, Amerika. Dei har 7 born: Hildor, Rudolf, Sebulon, Amanda, Helga, Håkon og Anna.

Sofia g.m. Ole Jørstad, budde ei tid i Vardøy. Ho er enka og bor no i Amerika. Har 1 barn - Sofus.

Olene g.m. Edvard Ruud på Elgsnes i Trondarnes. Dei har hatt 13 born:

Isak, Sedolf, Elfrida, Gustad, Georg, Alfa, Johanna, Gudrun, Ivar, Hilda, Lena, Edvard.

Sevaldus g.m. Barbro Eriksen buande i Kongsfjord. Dei har hatt 8 born: Erling, Harald, Henry, Odd, Harald, Trygg, Aud. Dessutan ei gjente daud.

Hanna si ætt.

Hanna, f. 1829 d.1897. Ho vart buande på Rydningen g.m. Nils Nataniel Henriksen, og dei hadde 11 born:  
Hans, Andreas, Nikolai, Inger, Andrea, Elise, Hansine, Johan, Johanna, Johan, Andreas .

Hans g.m. Pauline Jensen buande i Myrli og hadde 8 born:  
Hanna, Nikolai, Jensine, Oline, Jensine, Andreas, Signe, Hans.

Nikolai g.m. Mette Jonsen og budde på Rydningen. Dei hadde berre 2 born: Adolf og Nanna.

Inger g.m. Bernt Per-Tøndersøn i Fugleli og hadde 7 born:  
Sjå Peder Tønder si ætt.

Elise g.m. Hans Henriksen, Andøy, dei nar hatt 5 born:  
Nils, Hedly, Pauline, Hartløv, Alf.

Dei andre 7 av Hanna sine born døydde bornlaus.

Berte si ætt.

Berte Andreasdatter g.m. Anders Sørensen 1 .gong. Dei hadde 3 born:  
Søren, Andreas, Lorentine. Andre gong vart ho gift med Nils Jørgensen. Dei budde på Dypdal i Lenvik og hadde 7 born:  
Inger, Hanna, Jensine, Henriette, Daniel, Albert, Jørgen. Søren døydde medan han var liten.

Andreas Edvard g.m. Kirsten Olsen bur i Amerika med 3 born.

Lorentine g.m. Erik Eidissen, Skogen, i Lenvik, dei har hatt 9 born: Andreas, Søren, Edvard, Danilken, Daniel, Emil, Jørgen, Jensine, Nils Bernhard.

Inger g.m. Anders Olsen, Finnfjord. Dei hadde 5 born:  
Jens, Oline, Bernhard, Agda, Sverdrup.

Hanna, g.m. Sedolf Eidissen, Dypdal. Dei hadde 4 born:  
Sven, Nils-Bernhard, Jenny, Lise.

Daniel g.m. Oline Hagen, budde i Sørreisa. Dei hadde 5 born:  
Håkon, Nils, Simon, Magnhild, Berte.

Jørgen g.m. Fredrikke frå Bjarkøy. Budde på Dypdal og hadde ingen born.

Albert g.m. Sigrid Olsen, Budde på Dypdal og hadde 2 born:  
Nelly og N.N.

Dei to andre av Bertes born Jensine og Henriette døydde medan dei var små.

Andreas Enok si ætt.

Andreas Enok Andreassen d. 1909, g.m. Alette Mannassen og vart buande på Fuglemoen. Dei hadde 9 born: Antona, Berit, Martea, Ingeborg, Anna, Johan, Albert, Martin, Hansine.

Berit g.m. Jon Olsen, Fossbakken. Dei hadde 10 born: Kristen, Johannes, Jentoft, Andreas, Ola, Alfred, Anton, Martin, Laura, Nikolai.

Martea bur i Torsken, ugift og bornlaus.

Ingeborg bor i Solli, Målselv, likeleis.

Anna g. og faren til Amerika. Har visst 8 born.

Johan Uteng. 1. gong med Pauline Andreasdr. Dei hadde 6 born: Artur, Elen, Martines, Aletta, Petrea og N.N. 2. gong g. m. Helga Kiosnes og har hatt 6 born med ho óg: Tordis, Jens, Hilda, Agoth og N.N., Aurelia.

Dei andre 4 av Andreas Enoks born er daude som ung.

Kristiannas ætt.

Kristianna Andreasdotter f. 1837 d. 1926 g.m. Karl Kristiansen og vart buande i Tromsø. Dei hadde 4 born: Andreas, Antona, Konstansa og Fredrik.

Andreas g.m. Emelie frå Finnmark og har 7 born: Konstanse, Anna, Agnes, Anton, Fillip og 2 gjenter dessutan. Alle desse bur i U.S.A.

Dei andre av Kristianna sine born er daud i Tromsø.

Dei tre andre borna til Andreas Mortensen, Fugleli, som ikkje er oppgjeven ætta for, er daud ugift. Sønnene Hans og Jørgen sette til på Malangen med ei vedlast. Og dotra Katrine døyde heime.

Med dette attersynet over ætta mi på denne sida kan ein finne ut at Andreas Mortensen, denne fattige rydningsmannen deroppe i Målselv - gav Norge 11 born, 64 borneborn, 238 bornebornsborn.

Dei som er i 5. ledd har eg ikkje tall på. Med dette sluttar eg ættesoga. Vonar at det er av interesse for den store ætta mi nordetter leida og i Målselv. Ein bett liksom band millom ættegrenene med å minnes at ein er runnen av same rota.

Eg har begynt denne ættesoga med gamle Jakop Winther på Tranøy, og slutta med mitt ættledd det sjuande frå han. Men



ætta når att i 10 ledd frå han. Å teke det heilt dit har falle tungt og har vore for vidløftig óg.

Med dette gjev eg denne vesle soga til ætta og ættene - får så dei finne betre ut, og fylgje ho vidare kvar hos seg, både med ættesoga og livssoga. Det siste ville falle for vidt med kvar einskild endå det kunne være mykje å fortelje.

La oss feste ætteband til ætteband, minnes dei, vurdne dei, leve oppatt og oppatt ætta sitt liv, men byggja vidare og større år før år. Det gangnar både ætta, framtida og fedrelandet.

«Lat oss ikkje forfedrene gløyme  
under alt som med vender og snu.  
For dei gav oss ein arv til å gøyme  
han er større ein mange vil tru.»

Elgsnes i Trondarnes 27.oktober 1927.

Edv. Ruud jr.